

Oslo, 30. juni 2014

Dykkar ref.: 14/982 EP KKF/KTU/bj

Justis- og beredskapsdepartementet  
Postboks 8005 Dep.  
0030 OSLO

## HØYRINGSSVAR FRÅ UNGE FUNKSJONSHEMMEDE: HERRELAUS ARV

Unge funksjonshemmede viser til høringsbrev av 31. mars 2014, om herrelaus arv til frivillige organisasjonar, lagt ut på nettsidene til departementet.

Vi stiller oss noko undrande til at Unge funksjonshemmede ikkje står på høringslista, ettersom barn og unge med funksjonsnedsettingar er omtalt som ei viktig målgruppe for ei eventuell ny støtteordning finansiert gjennom herrelaus arv. Vi tillèt oss likevel å sende inn eit høyringssvar.


### Om Unge funksjonshemmede

Unge funksjonshemmede er ein interesseorganisasjon for 32 frivillige ungdomsorganisasjonar, som til saman har over 25 000 medlemmar. Sidan 1980 har vi kjempa for deltaking og likestilling for funksjonshemma ungdom. I dag er vi ein sentral kunnskapsleverandør og samarbeidspartnar for alle som jobbar med arbeidsliv, helse og organisasjonsutvikling for unge med funksjonshemmingar og kroniske sjukdomar.

Unge funksjonshemmede er partipolitisk uavhengig. Organisasjonen er demokratisk og sjølvstendig, og har eige styre, eigen rekneskap og egne vedteker.

### Hovudsynspunkt

1. *Unge funksjonshemmede er positiv til at såkalla herrelaus arv skal tilfalle frivillige organisasjonar, og til at barn og unge med funksjonsnedsettingar skal bli særleg prioritert.*
2. *Vi deler vurderinga til departementet om at opprettinga av eit fond vil "legge beslag på allerede beskjedne arvebeløp i stedet for å komme frivillige organisasjonar til gode". Unge funksjonshemmede støttar derfor forslaget om at midla blir retta mot barne- og ungdomsverksemnd, herunder barn og unge med nedsett funksjonsevne.*



3. *Unge funksjonshemmede støttar vidare forslaget* om at midla frå herrelaus arv blir kanalisert gjennom LNU – Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar, som allereie har eit forvaltingsfagleg miljø i sekretariatet, ei trygg og ubyråkratisk forvaltning og god kontakt med målgruppene.
4. *Unge funksjonshemmede føreset* at funksjonshemma barn og unge og/eller deira organisasjonar blir spesifikt omtalt i formålet for ei ferdig utforma ordning. Det må bli fastsett eit regelverk som sikrar at (organisasjonar av, for og med) funksjonshemma barn og unge ikkje berre kan søkje, men også er sikra ein viss del av beløpet kvart år.
5. *Unge funksjonshemmede føreset* at Unge funksjonshemmede, som paraplyorganisasjon for 32 organisasjonar av, for og med funksjonshemma barn og unge i Noreg, får ei formalisert og definert rolle i fordelinga av midla, til dømes med ein fast plass i fordelingsutval eller liknande.

### **Utdjupande kommentarar til avsnitt 5 i departementets forslag**


*Unge funksjonshemmede vil peike på* at mange barne- og ungdomsorganisasjonar, særleg på funksjonshemma- og diagnosefeltet, har få økonomiske og personalmessige ressursar. Mange har først og fremst behov for økonomisk støtte til å oppretthalde grunnleggjande tilbod som møteplassar, likemannsarbeid og kurs – med andre ord drift og utvikling.

*Unge funksjonshemmede vil minne om* at dei fleste partia på Stortinget har gjeve signal om at ein ønskjer fleire frie middel for barne- og ungdomsorganisasjonane, slik at dei kan satse på berekraftig kjerneverksemd, og bli mindre avhengig av *statens* politiske prioriteringar.

*Unge funksjonshemmede meiner derfor* at det den nye ordninga bør kunne bli brukt til drift og utvikling i barne- og ungdomsorganisasjonane. Søkjargruppa bør bli avgrensa til sentralledd og eventuelt fylkeslag i nasjonale, demokratiske barne- og ungdomsorganisasjonar. Lokallaga har allereie i dag gode mulegheiter til prosjektstøtte gjennom Frifond organisasjon og Frifond barn og unge (også forvalta av LNU).

*Unge funksjonshemmede støttar kommentarane i LNU's høyrings svar når det gjeld "nyskapende frivillig virksomhet, til fordel for barn og unge",* og meiner det kan vere føremålstenleg ikkje å leggje inn "nyskapende" som eit krav i ordninga.

*Unge funksjonshemmede støttar kommentarane i LNU's høyrings svar når det gjeld* eit enklart mogeleg regelverk, utarbeidd i tråd med Kulturdepartementets rettleiar for forenkling av statlege tilskotsordningar for barne- og ungdomsorganisasjonar.



*Unge funksjonshemmede støttar også kommentarane i LNU's høyringsvar når det gjeld stabilitet i den søkbare potten. Ordninga bør bli halde utanfor statens løyvingreglement.*

\* \* \*

*Avslutningsvis vil Unge funksjonshemmede rose departementet for eit tydeleg forslag i ei sak som har vore diskutert i mange år, og ikkje minst for eit like tydeleg val om å prioritere barn og unge generelt og funksjonshemma barn og unge spesielt.*

*Unge funksjonshemmede håpar på og vil bidra til ein konstruktiv dialog med departementet og LNU – Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar om utforminga av ei eventuell støtteordning.*

Med helsing  
UNGE FUNKSJONSHEMMEDE

Simen Brændhaugen /s/  
styreleiar



Lars Rottem Krangnes  
generalsekretær

